

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 28.02.2025

Vår ref.: 202504668-13 Oppgis ved henvendelse

Deres ref.:

Varsel om oppstart av områderegulering og høyring av melding med forslag til plan- og utgreiingsprogram for Mellomstrand vindkraftverk i Time kommune

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Time kommune har mottatt ei melding med forslag til plan- og utgreiingsprogram for eit vindkraftverk vest på Moifjellet, i området nord for Brusaknuden, i Time kommune, Rogaland fylke. Tiltakshavar i saka er Statkraft Vind Utvikling DA (Statkraft).

Meldinga med forslag til plan- og utgreiingsprogram er grunnlaget for å utarbeide ein områdereguleringsplan (etter plan- og bygningslova) i regi av kommunen og konsesjonshandsaming (etter energilova) i regi av NVE.

NVE og Time kommune samarbeider

Time kommune har samtykka til at NVE kan sende forslaget til planprogram for områdereguleringsplanen på høyring, saman med NVE si høyring av meldinga.


- Meldinga er eit tidleg varsel om planlegging av eit vindkraftverk. Meldinga omtalar prosjektet, forventa verknader og inneheld eit forslag til kva som skal utgreiast før det kan søkast konsesjon i medhald av energilova.
- Planprogrammet gir ein oversikt over kva tema som skal konsekvensutgreiast og kva for metode som skal nyttast.

Prosjektet

Mellomstrand vindkraftverk er planlagt med installert effekt på 15-30 MW og årlig energiproduksjon på 60-100 GWh. Planområdet er på 1,44 km² (1439 dekar), og består av areal til vindkraftverket og tilkomstveg. Tilkomstvegen skal også nyttast til vindkraftverket på Moifjellet i Bjerkreim kommune. Innanfor planområdet i Time kommune er det foreslått 2 til 4 vindturbinar med totalhøgde på inntil 200 meter. Nettilknytning er planlagt til den planlagde transformatoren i Moifjellet vindkraftverk, og prosjektet deler nettilknytning med Moifjellet vindkraftverk til Bjerkreim transformatorstasjon.



Kartet under viser planområdet for Mellomstrand vindkraftverk.



Invitasjon til offentlig møte

Saman med Time kommune vil NVE halde eit offentlig møte om saka **torsdag 13. mars kl. 18:00**. Møtet vil bli arrangert på Undheim samfunnshus. På møtet vil NVE og Time kommune orientere om sakshandsaming av meldinga for forslag til plan- og utgreiingsprogram, og Statkraft vil informere om prosjektet. Møtet er ope for alle.

Høyring

NVE sender Statkraft si melding med forslag til plan- og utgreiingsprogram på høyring. Dei som ynskjer kan sende innspel til både meldinga og til planprogrammet. Etter avtale med kommunen skal alle høyringsinnspel sendast til NVE.

Vi ynskjer først og fremst innspel til:

- Manglar i den foreløpige konsekvensbeskrivelsen i meldinga og forslag til planprogram
- Innhald i forslaget til plan- og utgreiingsprogrammet, inkludert tema som manglar, spesielle lokale tilhøve og innspel til metodar som bør nyttast til særskilte tema i utgreiinga



Meldinga med forslag til plan- og utgreiingsprogram er tilgjengeleg på NVE sine nettsider: www.nve.no/21565/A og er lagt ut til offentlig ettersyn på Servicekontoret, Time rådhus. NVE vil kunngjere meldinga og varsel om oppstart av områderegulering i Jærbladet. Merknader til både planprogram og meldinga med forslag til utgreiingsprogram sendast til NVE på éin av følgande måtar:

- Via skjema for uttale som de finn på vår nettside for saka www.nve.no/21565/A
- Via e-post til nve@nve.no (merk med Høringsuttalelse 202504668» og oppgi namn/organisasjonsnummer)
- Via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 Oslo

Frist for å sende merknader i saka er 16. april 2025.

Anna

For meir informasjon om NVEs konsesjonshandsaming av vindkraftverk viser vi til vår nettside: [Konsesjonsbehandling og oppfølging av vindkraft på land - NVE](#). For generell informasjon om vindkraft sin påverknad på ulike tema viser vi til nettsida: [Kunnskapsgrunnlag om virkninger av vindkraft på land - NVE](#).

Med helsing

Erlend Bjerkestrand
seniorrådgiver

Velaug Mook
seniorrådgiver

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakerliste:

Bonde og småbrukarlaget, Sandnes og Jæren v/Tom Ove Øksnevad
Time bondelang v/Torulv Time
NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
STATENS VEGVESEN
Bjerkreim kommune
TIME KOMMUNE
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
STATNETT SF
Meteorologisk institutt



Stavanger Turistforening Hovedkontor
Stavanger Turistforening Hovedkontor - Jæren Turlag
FORNYBAR NORGE
NORGES NATURVERNFORBUND
Forsvarsbygg
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)
Norges Miljøvernforbund
Energidepartementet
Naturvernforbundet i Rogaland
Nasjonal kommunikasjonsmyndighet
TELIA NORGE AS
TELENOR NORGE AS
LNETT AS
Birdlife Norge
Luftfartstilsynet
Norskog
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold
Kystverket
AVINOR AS
Mattilsynet
NHO Reiseliv
Zero Emission Resource Organisation AS
Forum for natur og friluftsliv Rogaland
Norges Skogeierforbund
JÆREN FRILUFTSRÅD
LA NATUREN LEVE
Time Bondelag
Landbruksdirektoratet
Grunneiere/rettighetshavere
Norsk Luftambulans AS
Norges Televisjon AS
Norsk Friluftsliv
NORGES LUFTSPORTFORBUND
Naboer/gjenboere
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
MOTVIND NORGE
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
OFFSHORE NORGE AS
ICE COMMUNICATION NORGE AS
NHO LUFTFART

Kopimottakerliste:

